

**Ullensvang
kommune**

Kartlegging av frivillige organisasjonar i Ullensvang 2023

Utfordringar, moglegheiter og samarbeid



Utarbeida av frivilligsentralane i Ullensvang





Innhald

1.0 Innleiing.....	4
2.0 Materiale og metodar.....	5
3.0 Samandrag.....	6
3.1 Spørjeundersøkinga.....	6
3.2 Innspel frå folkemøta.....	7
4.0 Erfaringsgrunnlag.....	10
4.1 Spørjeundersøking gjennomført hausten 2023.....	10
Del 1. Informasjon om organisasjonane.....	10
Type organisasjonar.....	10
Hyppigheit aktivitetar.....	11
Del 2. Medlemmer og ressursar.....	12
Medlemstal.....	12
Organisasjonane sine målgrupper i alder.....	12
Utvikling av medlemstal.....	13
Rekruttering.....	14
Utfordringar rekruttering.....	14
Suksessfaktorar rekruttering.....	15
Frivillig arbeid.....	15
Ansatte.....	17
Styrehonorar.....	18
Finansiering.....	19
Medlemskontingent.....	22
Born.....	22
Vaksne.....	23
Støttemedlemmer.....	23
Familielkontingent.....	23
Finansiering av nye aktivitetar.....	24
Inntekter.....	24
Utgifter.....	25
Lokaler.....	26
Universell utforming.....	28
Del 3. Samarbeid.....	29
Samarbeid med andre organisasjonar.....	29
Samarbeid med næringsliv.....	30
Samarbeid med kommunen.....	32
Administrasjonen.....	35
Byggesak, plan og eigedom.....	35





Frivilligsentralane.....	36
Helse, omsorg og sosiale tenester.....	36
Kultur, idrett og friluftsliv.....	37
Næring, land og havbruk.....	37
Oppvekst og utdanning.....	38
Tekniske tenester.....	38
Politikk, styre, råd og utval.....	39
Type samarbeid.....	39
Kvaliteten på samarbeidet.....	39
Aktuelle tema for samarbeid.....	40
Faste samarbeidsmøter med kommunen.....	41
Form, innhald og hyppigheit for samarbeidsmøter.....	41
Mål og utfordringar for organisasjonane.....	42
4.2. Dialogkafé folkemøter desember 2023.....	44
4.2.1 Styrke og løfte frivilligheita og organisasjonslivet.....	44
4.2.2. Redusere barrierar for deltaking.....	47
4.2.3. Møte samfunnsendringar me står ovanfor.....	49
5.0 Konklusjon.....	51





1.0 Innleiing

Frivillig sektor er ein av dei tre store samfunnssektorane i Norge, saman med offentleg sektor og næringslivet. I Ullensvang kommune er frivillig sektor mangfaldig og sterk.

I desember 2020 fatta Ullensvang kommunestyre vedtak om at det skulle verta utarbeidd ein frivillig- og samspelstrategi som skal legge til rette for vekst og utvikling for frivilligheita som ein uavhengig samfunnssektor.

Formålet med å kartlegge frivillige organisasjonar i Ullensvang kommune er å legge grunnlaget for ein lokalt tilpassa strategi som reflekterer lokale behov og moglegheiter. Gjennom kartlegginga vart alle frivillige lag og organisasjonar invitert med inn i arbeidet, og på den måten påverke og bidra til det vidare arbeidet med strategien.

I dette arbeidet har vi god støtte i Vestland fylkeskommune i samarbeid med Frivillighet Norge. Vi har hatt jamnlege møter med tematikk knytt til å få eit erfaringsgrunnlag på plass i kommunen, korleis legge til rette for at frivillig sektor deltar i arbeidet og korleis ein kan leggja opp eit løp som skal enda i ein eigen lokal frivillig- og samspelstrategi.





2.0 Materiale og metodar

For at frivillig- og samspelstrategien skal vera lokalt forankra må den byggje på dialog med lokal frivillig sektor. Strategien må byggje på frivilligheitas premiss og egenart, og skal ikkje vere ein tenesteleverandør for det offentlige. Frivillig - og samspelstrategien skal reflektera behova, moglegheiter og utfordringar som er til stades i Ullensvang kommune, og det er difor viktig at strategien bygger på reelle erfaringar, behov og ynskjer frå frivillige lag og befolkninga i kommunen og at deira innspel vert høyrte og vektlagt.

For å sikre at flest mogleg skulle få moglegheit til å uttale seg, vart kartlegginga gjennomført i to tiltak:

1) Spørjeundersøkinga i kartlegginga var open for alle organisasjonar i Ullensvang. 207 einskilte frivillige organisasjonar vart invitert til å delta, og av desse svara 97 heilt eller delvis på undersøkinga. Det vil seie ein svarprosent på 47 %, noko som er eit godt og representativt resultat.

2) Opne folkemøter i Odda, Kinsarvik og Jondal. Her var det lagt opp til dialogkafe for å få nyansert og konkret informasjon om korleis det er for lag og organisasjonar å drive med frivillig arbeid i Ullensvang kommune. Med bakgrunn i Vestland fylkeskommune sin frivilligstrategi, vart det valt tre hovudemner for debatt og innspel på folkemøta om korleis ein kan

- *Styrke og løfte frivilligheita og organisasjonslivet*
- *Redusere barrierar for deltaking*
- *Møte samfunnsendringar me står ovanfor*





3.0 Samandrag

3.1 Spørjeundersøkinga

Kulturorganisasjonar utgjer den største gruppa med respondentar og utgjer 30,5 % . Idrettsorganisasjonar utgjer 17,9 %, organisasjonstypen lokalmiljø og buplass 15,8% av svara og rekreasjon/sosiale foreiningar står for 11,5%. Kategorien anna, for dei som har definert seg utanfor dei oppgitte organisasjonstypene, utgjer 10,5%. Vidare kjem politikk- og interesseorganisasjonar med 5% og til slutt helse- og sosiale tenester samt trus- eller livssynsorganisasjonar med 4% kvar.

Organisasjonane har eit høgt aktivitetsnivå. Halvparten av dei har aktivitetar ukentleg eller oftare, og idrettsorganisasjonane er dei som peikar seg ut med høgast aktivitetsnivå og det er berre denne organisasjonstypen som har daglege aktivitetar. Elles finn vi trus- og livssyn og kulturorganisasjonar godt representert når det gjeld ukentlege aktivitetar.

Organisasjonane i undersøkinga har til saman eit medlemstal på 15463 (nokre respondentar frå lokalmiljø og buplass har omtrentlege tal). Gjennomsnittleg medlemsutvikling har halde seg stabilt dei siste 5-10 åra med ei svak auking etter pandemien.

Rekruttering av medlemmer, tillitsvalde/styremedlem og frivillige syner at det er tillitsvalde/styremedlem som er vanskelegast å rekruttere til av desse gruppene. Det er også denne gruppa som legg ned flest frivillige timar i organisasjonane. Elles er utfordringane i rekruttering av gruppene gjerne knytt til tidsklemma, at verv oppleves meir forpliktande enn å vera medlem/frivillig og at det er så mange tilbod/interesser ein kan velge av. Dei som lukkast med rekruttering trekk fram faktorar som fordelar for medlemmer, kollektiv ansvarsfølelse, god informasjon, personleg kontakt og inkludering.

Dei vanlegaste inntektskjeldene for organisasjonane er medlemskontigent og grasrotandelen, der høvesvis 70 % og 49 % oppgjev desse. Elles er lotterier og lokalt næringsliv viktige inntektskjelder med 41 % kvar. Kommunale midlar blir av 30% av organisasjonane nemnt som ei inntektskilde. Når det gjeld moglegheiter for finansiering av nye aktivitetar opplever 44% dette som tilfredsstillande, medan 27 % ser moglegheitene for finansiering av nye aktiviteter som dårlege eller svært dårlege. Innspel på kva som kan lette dette arbeidet er auka tilskot frå det offentlege, eigen paraplyorganisasjon eller næringsliv, auka rekruttering, fokus på marknadsføring og auka kompetanse innan skriving av søknader.

Organisasjonane er hovudsakleg veldig nøgde med tilgangen på eigna lokaler/anlegg for sine aktivitetar og snittet ligg på 4,72 av 6 mogelege. Når det





gjeld lokaler seier 53 % at dei låner lokaler gratis, medan 33 % leiger lokalene dei nyttar. 27 % eiger lokalene sjølve. 3 organisasjonar seier at dei manglar lokaler. Kommunen står for majoriteten av tilgang på gratis lokaler, medan private ligg øvst når det gjeld leie av lokaler. Når det gjeld den universelle utforminga av lokala finn 61 % desse gode og svært gode. 27% finn dei tilfredsstillande, medan 12 % finn dei dårlege og svært dårlege.

Når det gjeld samarbeid med andre organisasjonar, kommunen og næringsliv ser vi at 67 % samarbeider med andre organisasjonar, 63 % samarbeider med kommunen og 33 % samarbeider med næringslivet. Samarbeidet med kommunen er vekta som mest vellykka av desse samarbeidsformene, etterfulgt av andre organisasjonar og deretter næringsliv. Brorparten av organisasjonane ynskjer å fortsetja eller samarbeida meir med andre organisasjonar (92 %), med næringsliv (89 %) og med kommunen (99%). Når det gjeld rangering av samarbeidet med dei ulike sektorane i kommunen scorer Frivilligsentralane og Kultur, idrett og friluftsliv høgast medan Politikk, styre og utval og Næring, land og havbruk rangeres nedst. 87 % av organisasjonane ynskjer at kommunen skal leggja til rette for faste samarbeidmøter med frivillig sektor, gjerne 1-2 gonger per år.

Rekruttering av medlemmer og frivillige samt det og utvida, arrangera fleire og skapa nye aktivitetar er dei vanlegaste måla for organisasjonane. Utfordringar knytt til dette er rekruttering (generelt og av unge spesielt), økonomi og engasjement. Tankar om korleis kommunen kan bidra inn i dette arbeidet går på auka tilskot, auka samspel og samferdsel. Dei same innspela kjem også på korleis organisasjonane sjølve kan nå måla sine i tillegg til synliggjing, marknadsføring, positivitet, auka tilflytting og kurs/kompetanseheving.





3.2 Innspel frå folkemøta

Innspela på alle folkemøta er samla og sortert, og det resulterte i fylgjande 7 kategoriar:

Samarbeid og kommunikasjon

Samarbeid og kommunikasjon vart av fleire framheva som sjølv grunnsteinen for å lukkast med frivillig arbeid. Her vart det framheva at det var viktig både å ha eit godt samarbeid og god kommunikasjon med lokalt næringsliv, lokale media, kommunen, men og internt i eigen organisasjon og med andre lag og organisasjonar. Viktigheten av god informasjonsflyt og synleggjering av frivillige tilbod og oppgåver kombinert med felles forventningsavklaring var og noko som vart gjenteke av fleire. Nokon ynskte at kommunen skal ha ei rolle som initiativtakar og organisator, og legge til rette for og invitere inn frivilligheita, medan andre ynskjer ein felles møtearena der alle er likestilt.

Det var breid einighet om at det var viktig med positiv framstilling av frivillighet, og at det skal vere kjekt og meningsfylt å delta i frivillig arbeid.

Rekruttering

Sjølv om fleire gjev uttrykk for at dei har stabile medlemstal, opplyser mange at dei opplever det som utfordrande å rekruttere nye medlem og frivillige. Av tiltaka som vert nevnt som viktige i rekrutteringsprosessen er det spesielt frivilligpleie, god informasjon og framheving / synleggjering av fordelane ved å delta i frivillige aktivitetar som vert framheva. Attraktive og relevante aktivitetar er eit anna moment fleire meiner kan bidra til å rekruttere nye. Det blir og foreslått at det kunne vore ein fordel om ein hadde ein frivillig-los i kommunen - altså ein person som hadde ansvar for å koordinere, rekruttere og ivareta distribueringa av informasjon.

Ein annan faktor som vert påpeika er at det er viktig og vere tidleg ute og informere nye tilflyttarar og flyktningar om moglegheiter innan frivillig sektor - her kan det vere mange gode ressurspersonar.

Marknadsføring og informasjon

Å bli sett og høyrte, og at det er enkelt å finne fram til dei ulike organisasjonane og deira tilbod, vert framheva som avgjerande. Dersom ein nyttar gode informasjonskanalar, både lokale media, munn-til-munn metoden og sosiale medier, kombinert med relasjonsbygging og lavterskel tilbod, meiner mange at informasjonsflyten og marknadsføringa vert betre.

Det er einigheit om at marknadsføring og god informasjon er viktig for å kunne rekruttere nye medlem og frivillige.





Kompetanseheving

Under kompetanseheving er det især behov for hjelp til å navigere i den digitale verda og finne ut av digitale løysingar som vert framheva. Herunder kjem og hjelp til å søke tilskot gjennom digitale tilskotsordningar. Nokon ynskjer og hjelp til å finne og delta på relevante kurs.

Økonomi

Økonomi er sjølvsagt viktig for alle lag og organisasjonar, og dei fleste er avhengig av tilskot eller økonomiske støtteordningar for å kunne arrangere aktivitetar. God økonomi gjev trygghet og forutsigbarhet. Fleire uttaler ynskje om å forenkle søknadsprosessar, og unngå for mykje byråkrati. Ein ynskjer gode og synlege tilskotsordningar.

Ein annan ting som mange er opptekne av, er at det skal vere mogleg for alle som vil å delta på fritidsaktivitetar, uavhengig av personleg økonomi. Det vert foreslått forskjellige løysningar, som fritidskasse, gratis utlån av utstyr, billigare medlemskap og fritidskort.

Barrierar

Tidsklemme og samfunnets utvikling med mindre tid til fellesskap, auka dyrking av eigentid kombinert med meir digitalisering og færre fellesarenaer og møteplassar vert framheva som barrierer innan frivillig sektor. At kommunen er langstrakt og har relativt dårleg infrastruktur er og ein faktor som er utfordrande. Mange stader er det store avstandar og vanskeleg å basere seg på offentleg transport.

Behov

Mykje kan tyde på at fleire har behov for å vere saman med nokon. Det vert uttrykt ynskje om fleire sosiale møteplassar, der det er rom for alle uavhengig av alder. Å vere synlege og opprette aktivitetar som er attraktive for unge vert framheva.

Anna

Under dette punktet kom det inn ei rekkje konkrete forslag som primært er knytta til konkrete stader, grupper eller lag. Forslaga i si heilheit er lista opp lenger nede i denne rapporten.

I tillegg til å bidra med utdjupande informasjon, var folkemøtene ein arena der lag og organisasjonar fekk moglegheit til å samtale med kvarandre. Denne opne dialogen på tvers av interesse- og virkefelt var noko mange sa dei satte pris på, og uttrykte at dei ynskte å gjenta.





4.0. Erfaringsgrunnlag

4.1 Spørjeundersøking gjennomført hausten 2023


Del 1. Informasjon om organisasjonane.

Type organisasjonar

Sektordiagram 1 syner organisasjonstypen våre foreiningar høyrer inn under. Høgste svarprosent finn vi blant organisasjonar i kategoriane «Kulturorganisasjonar» og «Idrettsorganisasjonar» (figur 1).

Kva slags type lag/foreining er de?

95 svar



Figur 1: Kva slags type foreining er de?

29 kulturorganisasjonar (som blant anna inneheld korps, kor, musikkorganisasjonar, festivalar med meir) utgjer 30,5% av respondentane. Deretter kjem idrettsorganisasjonar (lokale idrettslag, klubbar og foreiningar innan ulike sportsgreiner) som med 17 organisasjonar utgjer 17,9%. Rett bak kjem organisasjonstypen lokalmiljø og buplass (til dømes grendelag, velforeiningar, forsamlingshus) der 15 lag utgjer 15,8% av svara. Så finn vi 11 rekreasjon/sosiale foreiningar (til dømes friluftsliv, pensjonistlag) med 11,5%. Kategorien anna, for dei som har definert seg utanfor dei oppgitte organisasjonstypene, utgjer med sine 10 svar 10,5%. Vidare kjem politikk- og interesseorganisasjonar med 5% og til slutt helse og sosiale tenester samt trus- eller livssynsorganisasjonar med 4% kvar. 67,4 % av foreiningane oppgjev at dei er knytt til ein regional eller nasjonal organisasjon, noko som utgjer 64 av respondentane. 31 organisasjonar seier at dei ikkje har det (32,6 %).






Hyppigheit aktivitetar

Figur 2 syner hyppigheita av aktivitetar hos organisasjonane. Det er mest vanleg at organisasjonene vekentlege aktivitetar. Heile 43,8 % har aktivitetar kvar veke. 30,2 % seier at dei har månedlege aktivitetar, og 17,7 % fortel at dei har aktivitetar to til fire gonger i året. 6,3 % har daglege aktivitetar. På motsatt side finn vi at 2% seier dei kun har aktivitet ein gong i året (1 %) eller sjeldnare (1 %).

Kor ofte har de aktivitetar?

96 svar



Figur 2: Hyppigheita av aktivitetar.

Idrettsorganisasjonane har høgst aktivitetsnivå. Blant dei som har daglege aktivitetar finn vi utelukkande idrettsforeiningar. Dei 6 det gjeld utgjør 35% av idrettsforeiningane i undersøkinga. Dei resterande (unntatt ein) innan organisasjonstypen idrett oppgjev at dei har ukentlege aktivitetar. Her finn vi òg 50% av kulturorganisasjonane. Andre kategoriar som tilbyr aktivitetar kvar veke er 75% innan trus- og livssyn, 50% av helse og sosiale tenester, 40% av kategorien anna, 36 % av kategorien rekreasjon eller sosial foreining samt 20% av kategorien for lokalmiljø og buplass.

Av dei som tilbyr månedlege aktivitetar finn vi blant anna heile 80% av politikk- eller interesseorganisasjonar, 55% av rekreasjon eller sosiale foreiningar, 40% innan kategorien anna, 35% av innan kultur, 27% av innan lokalmiljø og buplass og 25% innan helse og sosiale tenester. Innan dei som har aktivitetar 2-4 gonger i året, finn vi ei klar overvekt av lokalmiljø og buplass organisasjonar. 67% av desse har aktivitetar 2-4 gonger i året, og velforeiningar er typiske døme på desse.





Del 2. Medlemmer og ressursar

Medlemstal

Så og seie alle organisasjonane har medlemmer. 94 av 97 (97%) seier at dei har det.

Det er stor variasjon i antall medlemmer hos kvar organisasjon som varierer frå 4 til 2919. Gjennomsnittleg medlemstal ligg på 161 medlemmer, medan medianen syner 48,5 medlemmer. Den store forskjellen mellom gjennomsnitt og median viser at det er flest små og mellomstore organisasjonar i kategoriane. Ein liten andel større organisasjonar drar opp gjennomsnittet.


64 av organisasjonane (68,1%) har 100 eller færre medlemmer, 22 organisasjonar (23,4%) har mellom 100 og 500 medlemmer og 8 organisasjonar (8,5%) har fleire enn 500 medlemmer. Dei større foreningane med tanke på medlemstall er hovudsakleg innan idrett, kultur, lokalmiljø og buplass samt helse og sosialtenester, og dei klart største organisasjonane når det kjem til medlemstal er innan politikk- og interesse, lokalmiljø og buplass, idrett og rekreasjon/sosialisering.

Organisasjonane sine målgrupper i alder

På spørsmål om korleis aldergrupper organisasjonane favnar, ser vi av figur 3 at 34,4% dekker alle aldersgrupper. Dei andre har svara ut på dei ulike gruppene dei dekker og her finn vi aktivitetar for dei mellom 0 og 18 år. 9,4% dekker dei yngste opp til 6 år, 26 % dekker aldersgruppa frå 6 til 12 år medan gruppa frå 13 til 18 vert dekkja i 29% av organisasjonane. Dei vaksne over 18 har tilbod i 58,3% av organisasjonane og 40,6 % dekker seniorar over 63 år.

Kva for aldersgrupper favnar laget/foreininga? (Det er mogeleg å svara fleire alternativ).

96 svar



Figur 3. Aldersgrupper laget favnar






Utvikling av medlemstal

Når vi ber laga seie noko om medlemsutvikling dei siste 5 til 10 år, og ein ser vekk frå pandemien, melder nesten halvparten at medlemstalet er stabilt. Resten av svara syner at det ligg i overkant av 20 prosent både på at det har auka noko og på at det er noko redusert. Ein liten andel seier det har auka mykje, og ein endå mindre andel seier at det er gått sterkt ned.

Når vi ser på korleis medlemstalet har utvikla seg etter korona, er svara blant nærare 60% at det er stabilt. Vel 23% seier at det har auka noko, mens 8,5% seier at det er noko redusert. Resten er fordelt på ein liten andel som seier det har auka mykje og ein endå mindre andel som seier det er gått sterkt ned.

Korleis har medlemstalet utvikla seg dei siste 5-10 åra (sjå vekk frå korona) ?


95 svar



Figur 4. Utvikling av medlemstal dei siste 5-10 åra

Korleis har medlemstalet utvikla seg etter korona?

94 svar



Figur 5. Utvikling av medlemstal etter korona






Rekruttering

Kor lett eller vanskeleg organisasjonane finn rekruttering i ulike grupper finn vi i figur 6.

Her ser vi at innan både rekruttering av medlemmer, tillitsvalde/styremedlem og frivillige opplev fleirtalet av dei 96 organisasjonane som har svara at det er heilt greitt, medan på plass 2 og 3 finn vi litt vanskeleg og vanskeleg for alle gruppene. Når det gjeld rekruttering av *medlemmer* finn 7 organisasjonar dette veldig vanskeleg, medan 10 organisasjonar finn det jevnt fordelt på lett og svært lett. *Tillitsvalde/styremedlem* syntes 12 organisasjonar det er veldig vanskeleg å rekruttere. I gruppa for *frivillige* finn vi at like mange organisasjonar (8) finn det veldig vanskeleg som lett. Totalt sett ser det altså ut til at det er tillitsvalde/styremedlem organisasjonane finn det mest vanskeleg å rekruttere til.

Kor lett eller vanskeleg er det å rekruttere fylgjande grupper til laget/foreininga?



Figur 6. Kor lett/vanskeleg rekruttering er av ulike grupper i foreininga

Utfordringar rekruttering

Når vi ber organisasjonane eventuelt utdjupe utfordringar dei opplever med rekruttering, svarer 72 med kommentarar. Sjølv om dei svarar individuelt, ser vi nokre fellesnemningar som går igjen.

- Tidsklemma er ei utfordring som går igjen. Opplevelsen av at det er vanskeleg å rekke over alt, særleg for folk i aldersgruppa 20-40 år.
- Utfordringar med å få folk til å ta verv, som kan opplevast meir forpliktande enn frivillige oppgåver. Vidare at det er vanskeleg å få folk til å forplikte seg over tid.
- Mange tilbud/interesser, så det er vanskeleg å rekke over alt.





Suksessfaktorar rekruttering

72 av organisasjonane seier også noko om suksess faktorar i samband med rekruttering. Det som går igjen som svar hos fleire her er hovudsakleg:


- Medlemsfordeler.
- Kjensle av medansvar.
- Generasjonsoverføring.
- God informasjon og marknadsføring.
- Ta direkte/personleg kontakt.
- Synliggjera nytteverdi av å vera med, å ta del i noko større som betyr noko for samfunnet rundt ein.
- Opne møter/arrangement.
- Låg medlemskontigent.

Frivillig arbeid

Når vi ser på tala laga gjev på antall frivillige timar som vert gjort per år, ser vi i figur 7 at den største andelen (39%) ligg på mellom 50 og 100 timar per år. 27% legg ned mellom 500 og 1000 timar i laget sitt, medan 13% legg ned mellom 1000 og 5000 timar per år. Samme andel (8,7%) er oppgjeve for mindre enn 50 timar per år og dei som ikkje veit. 3,3%, altså 3 organisasjonar, seier at den frivillige innsatsen i løpet av eit år er meir enn 5000 timar.

Kor mange timar (cirka) frivillig arbeid vert gjort i laget i året samla?

92 svar




Figur 7. Antall frivilligtimar i laga per år





På spørsmål om kven som legg ned frivillige timar i laga, ser vi at den største innsatsen vert lagd ned av styremedlemmer (84,2%) med medlemmer rett bak på 76,8%. 33% svarer at medlemmer sine foreldre/familie står for den frivillige innsatsen. Elles er det einsskilte prosenter fordelt på ulike grupper knytta til enkeltlag. Sjå figur 8.



Figur 8. Kven gjer frivillig innsats i høve aktivitetar





Ansatte


Når det gjeld ansatte med løn i organisasjonane, er det 12,5% av respondentane som seier at dei har det (figur 9). Dette utgjør 12 organisasjonar, og dei har følgjande stillingsprosent:

6 organisasjonar har ei løna stilling mellom 1 og 10 %, 3 organisasjonar har løna stilling på mellom 11 og 29% i storleik, 2 organisasjonar har ei løna stilling på mellom 30 og 49% og ein organisasjon har ei løna stilling på mellom 70 og 100% (figur 10).

Blant dei organisasjonane som har løna ansatte er majoriteten kulturorganisasjonar som nyttar dirigent tenester og festivalar/arrangement. Elles finn vi ein organisasjon innan kategorien anna, ein innan lokalmiljø og buplass samt ein idrettsorganisasjon.

Har laget/foreninga dykkar nokon løna ansatte?


96 svar



Figur 9. *Løna ansatte*

Om ja; kor stor stillingsprosent samla har laget/foreninga i løna stilling?

12 svar



Figur 10. *Stillingsprosent på løna stilling*





Styrehonorar

På spørsmål om laga betaler ut styrehonorar til sine medlemmer svarer 84,4 % at dei ikkje gjer dette, medan 12,5 % (12 organisasjonar) svarer at dei gjer det. Sjå figur 11. Desse 12 organisasjonane utgjer 5 idrettsorganisasjonar, 2 innan lokalmiljø og buplass og dei øvrige 5 er spreidd mellom ulike kategoriar.

Betaler de ut styrehonorar til styremedlem/andre verv?

96 svar



Figur 11. Styrehonorar.





Finansiering

Organisasjonane seier at dei finansierer aktivitetane i laga sine gjennom fylgjande inntektskjelder:

Finansieringskilde	I prosent	Antall svar
Medlemskontigent	69,8	67
Grasrotandel	49	47
Lotterier	40,6	39
Gåver eller sponning frå næringsliv lokalt	40,6	39
Nasjonale midler (t.d. Frifond, momskompensasjon)	35,4	34
Sal av mat på arrangementer	34,4	33
Kommunale midler	30,2	29
Billettsal til arrangement	26	25
Midler frå stiftingar	24	23
Basar/messe/loppemarknad	21,9	21
Dugnadsinnsats for næringsliv eller det offentlege	17,7	17
Gåver eller sponning frå næringsliv nasjonalt	17,7	17
Leigeinntekter på eige hus/lokale	17,7	17
Spelemidler	17,7	17
Gåve frå privatpersonar	16,7	16
Midler frå eige fylkesledd/nasjonalledd i organisasjon	13,5	13
Anna	11,5	11
Fylkeskommunale midler	7	7,3

Figur 12. Tabell over inntektskjelder for finansiering av aktivitetar





I figur 12 vart organisasjonane oppmoda til å krysse av alle inntektskjelder som dei nyttar til å finansiere aktivitetar, og medlemskontigenten er den som er høgst vekta der 70% oppgjev denne. Vidare er det grasrotandel med 49% og lotterier samt gåver/sponsing frå lokalt næringsliv med 40,6 % kvar lagene svarer ut på.

Kommunale midler er det 30,2% som oppgjev som inntektskjelde, altså 29 organisasjonar. Desse er fordelt på følgjande oppgjevne organisasjonstypar:

- 8 kulturorganisasjonar
- 6 idrettsorganisasjonar
- 5 organisasjonar innan lokalmiljø og buplass
- 4 organisasjonar innan rekreasjon eller sosial foreining
- 2 politikk- eller interesseorganisasjonar
- 2 organisasjonar innan helse og sosiale tenester
- 2 organisasjonar innan typen anna.


I figur 13 ble organisasjonane bedt om å vekta kor stor andel dei ulike inntektskjeldene har for finansieringa av aktivitetar i kategoriane liten andel, noko, betydeleg andel og stor andel.

Her ser vi at medlemskontigenten vert vekta høgt framleis, medan grasrotandelen ikkje er så høgt vekta samanlikna med forrige figur.

Når det gjeld dei kommunale midlane, er det fordelt som følgjer blant dei 42 laga som har svara på dette:

- Stor andel: 5 organisasjonar
- Betydeleg andel: 9 organisasjonar
- Noko: 17 organisasjonar
- Liten andel: 11 organisasjonar





Figur 13. Andel av inntektskjelder knytt til aktivitetar.






Medlemskontingent

Nærare 70% av respondentane oppgjer medlemskontingent som finansieringskilde for organisasjonen sin. Figur 14 syner intervaller for pris på medlemskap.

Kva kostar medlemskap per år i lokallaget/foreininga?



Figur 14. Pris på medlemskap.

Born

Medlemskontingent for born er generelt billegare og brukt i mindre grad enn for dei vaksne.

50 organisasjonar oppgjev at dei har medlemskontingent for barn. 23 av dei ligg innan prisregisteret 0-100 kroner, 13 ligg mellom 110-250, medan 7 organisasjonar ligg på prisenivå mellom 250-500 og ytterlegare 7 har eit medlemskap som kostar mellom 500 og 1000 kroner. Antall organisasjonar fordelt etter beløp og type organisasjon finn vi i figur 15.

Kontigent prisintervall i kroner	Helse og sosiale tenester	Lokalmiljø og buplass	Rekreasjon/ sosialt	Idrett	Tru/livssyn	Kultur	Politikk/ interesse	Anna
0-100	1	8	3	4	4	3	-	-
100-250	1	-	1	6	-	5	-	-
250-500	-	-	1	2	-	1	1	2
500-1000	-	-	1	2	-	1	1	2

Figur 15. Tabell over medlemskontingent for born i prisintervall etter antall typer organisasjonar.





Vaksne

For vaksne er det 81 organisasjonar som oppgjer at dei har medlemskontingent. Av tabellen (figur 16) kan vi sjå at 23 av dei ligg innan 0-100 kroner, 13 ligg i prisregisteret 100-250 kroner, 26 innanfor 250-500 kroner, 15 i intervallet 500-1000 kroner og 6 som ligg over 1000 kroner i kontingent.

Kontingent prisintervall i kroner	Helse og sosiale tenester	Lokalmiljø og buplass	Rekreasjon/ sosialt	Idrett	Tru/livssyn	Kultur	Politikk/ interesse	Anna
0-100	1	8	3	4	4	3	-	-
100-250	1	-	1	6	-	5	-	-
250-500	3	-	5	5	-	8	2	3
500-1000		1	3	2		6		3
Over 1000	-	1	-	1	-	3	1	-

Figur 16. Tabell over medlemskontingent for vaksne i prisintervall etter antall av typar organisasjonar.

Støttemedlemmer

39 av organisasjonane i undersøkinga har kontingent for støttemedlemmer. 23 av dei innan 0-100 kroner, 6 innan 100-250 kroner og 10 innan 250-500 kroner.

Familiekontingent

Blant organisasjonane i undersøkinga seier 35 av dei at dei har tilbod om familiekontingent, der ein betaler eit beløp for heile familien. 14 har eit medlemskap som kostar opp til 100 kroner, 6 krevjer mellom 100 og 250 kroner, 7 har lagt seg på eit beløp mellom 250 og 500 kroner, 6 ligg på mellom 500 og 1000 kroner og dei 2 siste har over 1000,- kroner som sin familiekontingent.






Finansiering av nye aktivitetar

I figur 17 svarar organisasjonane på korleis dei ser på desse moglegheitene.

Korleis er moglegheitene for finansiering av nye aktivitetar i foreininga? Ranger frå 1 til 5. (1 = Svært gode, 2=Gode, 3=Tilfredsstillande, 4=Dårlege, 5=Svært dårlege)

93 svar



Figur 17. Muligheiter for finansiering av nye aktivitetar i foreininga.

Gjennomsnittet syner 3,01, altså kategorien «tilfredsstillande». 44% opplever moglegheitene for finansiering som tilfredsstillande, medan 22 % anser moglegheitene som gode eller svært gode. På motsatt side ser vi at 27 % ser moglegheitene for finansiering av nye aktivitetar som dårlege eller svært dårlege.

Inntekter

På spørsmål om kva som kan lette arbeidet med å skaffe inntekter, har organisasjonane svart ulike ting. Likevel er det nokre hovudpunkter som går igjen frå respondentane:

- Auka støtte frå stat eller kommune, og i forlengelsen av dette etterlyser nokre foreiningar forbedra og enklare søknadsprosessar i det offentlege.
- Auka støtte frå næringsliv og eigne paraplyorganisasjonar.
- Mange ynskjer auka kompetanse om kor og korleis ein skal søkja om tilskot. Nokon ynskjer og hjelp til søknadsskrivinga.
- Rekruttering - fleire medlem og større vilje til frivillig arbeid i foreiningane for å skaffa fleire inntekter.
- Auka fokus på marknadsføring.

Utgifter


Kva utgifter ligg så på organisasjonane, og korleis område går det mest/minst til? Figur 18 syner at mange nyttar ingenting og lite til leige av lokaler, kontorutgifter, bygg og anlegg, instruktørar m.fl. samt transport og marknadsføring. Vidare finn





vi at det organisasjonane bruker mest midler til er utstyr til aktiviteter og arrangement.

Kor stor andel av foreninga sine utgifter går med til følgjande?



Figur 18. Gradering kostnader

Lokaler

Vi har spurt laga om dei eiger, leiger eller låner lokala/områda dei nyttar i samband med aktiviteter. Her var det mogeleg å krysse av fleire alternativ, sidan ein del lag nyttar fleire lokale/områder alt etter aktivitetane dei har.






Eksempelvis kan dei eige eller låne lokale gratis, medan dei leiger større lokaler til større arrangement.

I figur 19 ser vi at 50 organisasjonar (52,6%) seier at dei låner lokaler gratis, medan 31 leiger lokalene (32,6%). 26 organisasjonar oppgjer at dei eig lokaler, altså 27,4 % av respondentane.

Eiger, leiger eller låner de lokala/områda de nyttar i forbindelse med aktivitetane dykkar? (Det er mogeleg å krysse av fleire alternativ).

Kopier

95 svar



Figur 19. Eiger, leiger eller låner de lokala de nyttar?


Vidare har vi i figur 20 spurt dei som oppgav at dei leiger lokala kven dei har leigeavtale med. 25% svarar kommunen. Samstundes oppgav fleire av desse at dei og låner lokala gratis. Vi har ingen kjennskap til at nokon betaler leige til kommunen for dette, med unntak av større kulturarenaer som til dømes Odda kino.

Majoriteten av respondentane (45,8 %) seier at dei har leigeavtale i private lokaler. Nokre av desse har, om vi trekk parallellar til forrige spørsmål, ein gratis leigeavtale med private, medan andre betaler husleige. 12,5 % oppgjer at dei har leigeavtale med bedrift/næringsliv.

Om de leiger lokala, kven har de leigeavtale med? (Det er mogeleg å krysse av fleire alternativ).

Kopier

48 svar



Figur 20. Kven har de leigeavtale med?

Når vi spør dei som låner lokala gratis kven dei låner hos får vi følgjande svar (figur 21): 28 organisasjonar (47,5%) oppgjev at dei har låneavtale med kommunen, og ytterlegare 10,2% (6 lag) oppgjev at dei låner lokaler av frivilligsentralane. Sidan to av frivilligsentralane er kommunale, ser vi at det er ein overlapping i svar her mellom kommune og frivilligsentralar.


10 lag (16,9 %) seier at dei har gratis låneavtale i private lokaler, medan 6 seier dei har ein slik avtale med bedrift/næringsliv.





Om de låner lokala gratis, kven har de låneavtale med? (Det er mogeleg å krysse av fleire alternativ).

59 svar




Figur 21. Kven låner de lokala gratis av?

I figur 22 ber vi laga rangere kor nøgde dei er med tilgangen på eigna lokaler/anlegg for sine aktivitetar, der 1 er svært lite nøgd og 6 er svært nøgd. 93 organisasjonar har svart ut dette, og det syner at snittet på kor nøgde dei er med tilgang på lokaler ligg på 4,72 av 6 mulige.

Kor nøgde er de med tilgang på eigna lokaler/anlegg for aktivitetane til laget/foreininga dykkar?

Ranger frå 1 til 6.

93 svar



Figur 22. Kor nøgd laga er med tilgang på eigna lokaler/anlegg.

Sjølv om snittet i figur 22 ligg relativt høgt med 4,72, har 42 av laga svara på kva som eventuelt kan gjerast for å betre lokaler/områder/anlegg. Her finn vi både konkrete forslag knytt til bestemt lag/lokale/anlegg/område og vi finn generelle forslag. Av dei siste kan vi trekke ut nokre forslag som fleire er einige om:






- Vedlikehald og oppgradering av lokaler/områder. Dette er det punktet flest gjentek, både når det gjeld kommunale bygg, egne bygg eller bygg ein leiger/låner av andre.
- Audiovisuelt/digitalt/teknisk utstyr.
- Betre økonomi i eigen organisasjon eller gjennom tilskot frå andre.
- Tilgang på lagerplass.
- Nytting av kommunale lokaler og spesialrom i desse (t.d.skular).
- Straumstøtte/straumtiltak.

Universell utforming

Når det gjeld den universelle utforminga av lokalene foreiningane nytter, vart respondentane spurt om kor nøgde dei var med den. I figur 22 kan vi sjå at av dei 93 organisasjonane som svara ut dette er det 60,7 % som finn lokala gode og svært gode. 27% finn dei tilfredsstillande, medan 10,1 % finn dei dårlege og 2,2 % svært dårlege.

Kor nøgde er de med den universelle utforminga i dykkar lokale/område/anlegg?

89 svar



Figur 22. Kor nøgd ein er med universell utforming av lokaler.

På spørsmål om kva tiltak ein eventuelt kan gjera for å betra den universelle utforminga kom det inn ei rekke innspel (39 svar), der majoriteten ligg innan utbetringar av dørkarmar og andre fysiske hinder samt opprettinga av universelle toalett og ramper ved inngang. Fleire nemner og at dei lokala dei er i per i dag ikkje gjev rom for slike endringar grunna areal eller økonomi.






Del 3. Samarbeid

Samarbeid med andre organisasjonar

Det første spørsmålet vi stilte vedrørende samarbeid, er om laga har samarbeid med andre frivillige lag. Her svarer cirka to tredjedeler at det har dei, medan cirka ein tredjedel seier at det har dei ikkje.

Har foreininga samarbeid med andre lag/foreiningar i dag?

92 svar




Figur 23. Samarbeid med andre lag og foreiningar.

Når vi ber organisasjonane rangera kvaliteten på dette samarbeidet der 1 er lite vellykka og 6 er svært vellykka. I figur 24 ser vi at snittet ligg på 4,49, noko som tyder på at mange organisasjonar har eit vellukka samarbeid med andre organisasjonar.

Kor vellykka meiner de at samarbeidet med andre lag/foreiningar er? Ranger frå 1 til 6.

68 svar






Figur 24. Kvalitet på samarbeid med andre lag/foreiningar.

På spørsmål om organisasjonane ynskjer å fortsetja eksisterande samarbeid eller å samarbeida meir med lag/foreiningar i framtida svarer 76 på dette. 70 av desse svara ja, medan 6 svara nei. Sjå figur 25.

Ynskjer de å fortsetja eksisterande samarbeid eller å samarbeida meir med lag/foreiningar i framtida?

76 svar




Figur 25. Ynskje om å fortsetja eller samarbeide meir med lag/foreiningar.

Samarbeid med næringsliv

I figur 26 ser vi at cirka ein tredjedel av organisasjonane oppgjer at dei har eit slikt samarbeid, medan 64% ikkje har det.

Har organisasjonen samarbeid med ein bedrift eller næringslivet i dag?

94 svar



Figur 26. Samarbeid med næringsliv

Sjølv om det er 31 organisasjonar som seier dei har eit slikt samarbeid, er det likevel heile 49 organisasjonar som svarer på kor vellykka dei meiner eit slikt






samarbeid er. Dette kan indikere at fleire enn 31 organisasjonar har ein eller anna form for samarbeid som dei ikkje har vektlagt i forrige spørsmål, eller at dei svarar ut på spørsmålet i forhold til at dei ikkje har eit samarbeid med næringslivet. Det kan og ha med tolkinga av forrige spørsmål å gjere, hyppigheita av samarbeidet eller andre faktorar vi ikkje kan trekka slutningar ut i frå. I figur 27 har organisasjonane rangert samarbeidet i frå 1 (lite vellykka) til 6 (veldig vellykka). Ut i frå svara ligg snittet på 3,88.

Kor vellykka meiner de at eit eventuelt samarbeid med næringslivet er?

49 svar




Figur 27. Oppleving av samarbeid med næringslivet.

På spørsmål om kva type samarbeid dette gjeld, svarar 38 av organisasjonane litt ulikt, men hovudsakleg at samarbeidet går ut på økonomisk støtte i form av sponning, til arrangement og gjennom gåver.

I figur 28 kan vi sjå at gjennom 56 svar ynskjer 50 organisasjonar vidare eller meir samarbeid med næringslivet, medan 6 ikkje ynskjer dette.

Ynskjer de å fortsetja eksisterande samarbeid eller å samarbeide meir med bedriftar og næringsliv i framtida?

56 svar



Figur 28. Ynskje om vidare eller meir samarbeid med næringsliv.






Samarbeid med kommunen

Har de samarbeid med Ullensvang kommune i dag?


88 svar



Figur 29. Samarbeid med kommunen

Har de ei oppleving av at kommunen ynskjer å samarbeide med frivillig sektor?


76 svar



Figur 30. Oppleving av at kommunen ynskjer å samarbeide med frivillig sektor.

Ynskjer de å fortsetja eksisterande samarbeid eller samarbeida meir med kommunen i framtida?

73 svar



Figur 31. Ynskje om vidare eller meir samarbeid med kommunen.





55 av 88 organisasjonar seier at dei har eit samarbeid med Ullensvang kommune i dag. 33 organisasjonar seier at dei ikkje har det (figur 31).


Vidare opplever 67 av 76 organisasjonar at kommunen ynskjer å samarbeide med frivillig sektor, medan 9 organisasjonar seier dei ikkje har denne opplevinga (figur 32).

Når det gjeld organisasjonane sine ynskjer om vidare eller meir samarbeid med kommunen, svarer 73 på dette spørsmålet. Av disse 73 ynskjer 72 vidare eller meir samarbeid, medan 1 organisasjon ikkje ynskjer det (figur 33).

Organisasjonane fekk òg spørsmål om kor vellykka dei synes samarbeidet med kommunen er. Her fekk vi svar frå 65 organisasjonar, som er noko fleire enn dei 55 som tidlegare svarte at dei har eit samarbeid med kommunen. I figur 32 kan vi sjå rangeringa dei 65 laga har gjeve i frå 1 (lite vellykka) til 6 (veldig vellykka). Her finn vi eit snitt på 3,54.

Kor vellykka meiner de at eit eventuelt samarbeid med kommunen er?

65 svar



Figur 32. Oppleving av samarbeidet med kommunen.





Meir utfyllande om samarbeid med kommunen

I det neste går vi grundigare inn i korleis organisasjonane opplever samarbeidet med dei ulike områda i kommunen. Her blir organisasjonane bedt om å rangere samarbeidet frå 1 (lite tilfreds) til 5 (veldig tilfreds).

Vi har sammenfatta svara i figur 33, og synleggjort dei i figurane 34 - 42.

Område i Ullensvang kommune	Antall svar	Snitt på rangering frå 1 til 5
Administrasjonen	47	3,13
Byggesak, plan og eigedom	29	2,83
Frivilligsentralane	54	3,72
Helse, omsorg og sosiale tenester	26	2,88
Kultur, idrett og friluftsliv	50	3,48
Næring, land og havbruk	17	2,36
Oppvekst og utdanning	24	3,04
Tekniske tenester	27	3,04
Politikk, styre, råd og utval	29	2,7

Figur 33. Sammenfatta rangering av organisasjonane si oppleving av samarbeid med dei ulike områda i kommunen.






Administrasjonen

Kor tilfreds er de med samarbeid med Administrasjonen?

47 svar




Figur 34. Rangering samarbeid med administrasjonen.

Byggesak, plan og eigedom

Kor tilfreds er de med samarbeid med Byggesak, plan og eigedom?

29 svar



Figur 35. Rangering samarbeid med byggjesak, plan og eigedom.






Frivilligsentralane

Kor tilfreds er de med samarbeid med Frivilligsentralane?

54 svar




Figur 36. Rangering samarbeid med Frivilligsentralane

Helse, omsorg og sosiale tenester

Kor tilfreds er de med samarbeid med Helse, omsorg og sosiale tenester?

26 svar



Figur 37. Rangering samarbeid med Helse, omsorg og sosiale tenester.






Kultur, idrett og friluftsliv

Kor tilfreds er de med samarbeid med Kultur, idrett og friluftsliv?

50 svar




Figur 38. Rangering samarbeid med Kultur, idrett og friluftsliv.

Næring, land og havbruk

Kor tilfreds er de med samarbeid med Næring, land og havbruk?

17 svar



Figur 39. Rangering samarbeid med næring, land og havbruk.






Oppvekst og utdanning

Kor tilfreds er de med samarbeid med Oppvekst og utdanning?

24 svar




Figur 40. Rangering samarbeid med Oppvekst og utdanning.

Tekniske tenester

Kor tilfreds er de med samarbeid med Tekniske tenester?

27 svar



Figur 41. Rangering samarbeid med tekniske tenester.






Politikk, styre, råd og utval

Kor tilfreds er de med samarbeidet med Politikk, styre, råd og utval?

29 svar



Figur 42. Rangering samarbeid med politikk, styre, råd og utval.

Type samarbeid

På spørsmål om kva ein samarbeider med kommunen om, gav 52 organisasjonar ulike svar. Her var det og nokre fellenevningar som gjentok seg fleire gonger. Særleg samarbeid om lån av lokale og område gjekk igjen, vidare samarbeid om arrangement og aktivitetar. Praktisk hjelp, bistand i form av tilskot eller søknadshjelp og vedlikehaldsrutiner/drift var det og fleire som svara ut. Samarbeid om informasjon og PR, bistand til løyver og hjelp frå frivilligsentralane var det og fleire som nevnte.

Kvaliteten på samarbeidet

39 organisasjonar svara på kva dei synes er bra i samarbeidet med kommunen. Her svarte dei ulike ting, men spesielt eit svar gjekk igjen hos mange. Dei opplever dei ansatte i kommunen som flinke, positive og engasjerte. Vidare er nokre nøgde med samarbeidet om lokaler og leige av desse, om midlar dei mottek og at dei føler kommunen set pris på den jobben organisasjonane gjer.

Når vi spør om kva som kan gjerast betre i samarbeidet med kommunen får vi inn 32 svar.

Her ser vi at mange er opptatt av ein betra dialog og kommunikasjon med kommunen. Her nevnes blant anna at kommunen kan vera flinkare til å svara på brev, e-postar, invitasjonar og søknader. Vidare at ein ynskjer at kommunen er tilstades utover økonomisk tilskot, og oppsøker organisasjonane for å bli meir kjend med drifta og aktivitetane dei har. Nokon ynskjer ein kontaktperson innan kvar av dei aktuelle samarbeidsinstansane i kommunen, og andre er nøgde og





seier dei får hjelp når dei ber om det. Nokon seier at dei sjølve kunne vore meir aktiv i forhold til å ta kontakt med kommunen.

Aktuelle tema for samarbeid

På spørsmål om det er spesifikke tema ein ynskjer å ha samarbeid med kommunen om, kjem det inn 33 svar, der ein stor del av dei er spesifikke og gjeld den einskilte organisasjon. Av meir overordna eller felles gode forslag kan me nemna:

- Tilrettelegging av infrastruktur og utvikling.
- Løysingar for å betre inkludere våre nye landsmenn i aktivitetar (formidling, språk, bekledning m.m.).
- Friluftsliv, sti- og rutenett.
- Felles satsing på marknadsføring
- Eigna lokaler for utstillingar med gratis leige.
- Portal med oversikt over søknadsordningar lokalt og nasjonalt.
- Kommunen som eit mellomledd for å koma i kontakt med kvalifiserte trenarar/instruktørar/kurshaldarar, og slik få eit godt samarbeid på tvers av organisasjonar i heile kommunen.
- Rasteplasser og toalett.
- Kulturstrategi om korleis sikre mangfold innan kunst og kultur i samarbeid med kulturskule og skular.
- Tilrettelegging av transport rundt i kommunen i samanheng med større og mindre arrangement.
- Kurs - skjenkeløyve
- Open for dialog om saker me kan samarbeida om og som inkluderer lokalsamfunna i kommunen.
- Eldreomsorg.
- Støtte til konsertar og leige av konsertlokaler.
- Vedlikehald og lån av utstyr.
- Digitale utfordringar for dei eldre i kommunen.
- Bruk av kommunale bygg til møter og kurs.






Faste samarbeidsmøter med kommunen

I figur 43 kan vi sjå at majoriteten (81,7% av dei som har svara) ynskjer at kommunen skal leggja til rette for faste møter mellom kommune og frivillig sektor.

Ynskjer de at kommunen skal leggja til rette for faste møter med lag og foreningar i kommunen?

71 svar



Figur 43. Faste samarbeidsmøter.

Form, innhald og hyppigheit for samarbeidsmøter

Når vi ber organisasjonane koma med innspel på korleis slik samarbeidsmøter skal vera, får vi mange innspel. Ein del er opptatt av at det er viktig at kommunen kjem ut til organisasjonene der dei er, andre ynskjer felles møte med felles tema, andre igjen vil gjerne ha møter der ein samlar like typar organisasjonar.

Når det gjeld innhald tenker nokon at det vert styrt av kva som er aktuelt for den tida møte blir arrangert, andre ynskjer at laga sjølve kan koma med innspel til tema. Andre igjen ser for seg at kommunen skal informere om korleis den kan bidra inn i organisasjonane. Nokon foreslår ei blanding av formelle og uformelle møter. Å sjå frivillig sektor inn i rulleringa av kommunenplanen sin samfunnsdel kvart 4 år er eit anna forslag. Og det å samstundes treffe andre organisasjonar er noko som blir trekt fram som nyttig for utveksling og samarbeid. Idémyldring, statusmøter og dialogkaféer som er lagt til rette for i arbeidet med denne kartlegginga blir og trekt fram som positivt.


Hyppigheita dei fleste ynskjer av slike møter er jevnt fordelt mellom anten ein eller to gonger per år.





Mål og utfordringar for organisasjonane

I figur 43 spør vi organisasjonane om korleis dei ynskjer å utvikle seg framover.



Figur 43. Ynskje om utvikling av organisasjonane.

Her ser vi at av 87 respondentar ynskjer heile 65,5 % dette ved å rekruttera fleire medlemmer. 54 % ynskjer å utvikle aktivitetane dei allereie har, og 51,7 % vil arrangere fleire aktivitetar. 48,3 % ynskjer å skapa nye aktivitetar, og 44,8 % ynskjer å rekruttera fleire frivillige. Elles er det ei rekke enkeltforslag som er lag til frå einskilte organisasjonar.

Når vi spør om korleis utfordringar/hindringar som knytter seg til ynskjene, får vi 54 individuelle svar. Fellestrekk som går igjen blant disse er:

- Rekruttering av medlemmer/frivillige/styremedlemmer.
- Økonomi.
- Engasjement.
- Rekruttere yngre mennesker.





Tankar om korleis kommunen eventuelt kan bidra til å leggja til rette for at organisasjonane kan løysa desse utfordringane utløyser svar frå 41 av respondentane. Fleire svarar dei ikkje veit eller kan sjå korleis kommunen kan bidra til dette. Elles er det følgjande punkt fleire gjentek i svara sine:

- Auka tilskot.
- Ta direkte kontakt med organisasjonar for å høyre korleis kommunen kan bidra.
- Idemyldring/medspelar
- Spela på lag
- Samferdsel

På vidare spørsmål om kva som skal til for at organisasjonane skal ha vekst i Ullensvang og andre faktorar som kan bidra til at organisasjonane kan nå sine mål får vi mange likelydande svar som i forrige spørsmål. Elles nevner fleire synleggjering og marknadsføring som viktige tiltak for vekst. Positivitet og engasjement, auka tilflytting og kurs/kompetanseheving vert også nevnt.





4.2. Dialogkafé folkemøter desember 2023

Me inviterte til folkemøter i Odda, Kinsarvik og Jondal. Det var godt oppmøte samla sett på møta, særleg i Odda. På alle møta var det stort engasjement, konstruktive debattar og mange gode innspel.

Punkta i tabellane under er direkte sitat frå innspela me mottok - dei er ikkje omformulerte eller på annan måte endra, kun kategorisert for lettare å få oversikt.

4.2.1 Styrke og løfte frivilligheita og organisasjonslivet

Samarbeid og kommunikasjon
- Årlig kontra eingongstilstelling og vilje til frivillig deltaking - Kjekt og meningsfylt - Kommunen som organisasjon må invitere med dei frivillige foreningane i større grad. Ein skal bli "invitert inn " som frivillig forening ikkje måtte "tvinge seg inn" - Personleg kontakt for å inkludere - Større fellesprosjekt - Inkl. ulike aldrar i komitear - Rådsmøter der idrettslagene treffes i lag 1 gang i året - Gode kommunale støttetiltak både til aktivitet og hus - Sørge for lik støtte til lag - Gode arenaer for samarbeid mellom lag - Alle kjenner alle - me veit om kvarandre (på godt og vondt) - Stort engasjement - positive menneske - Heile kommunen må legge til rette for tildeling som ser alle, også dei små - Skapa gode team-grupper - Oppretthalde og auke drifts - og investeringstilskot til lag og organisasjonar, fordi kommunalt tilskot kan utløysa tilskot frå andre ordningar - Frivillig eget hovedpunkt på Ullensvang kommune sine nettsider - Forenkle prosesser og kontakt med kommune (Mye) - Samarbeid på tvers med næringslivet - Større grad av samarbeid mellom organisasjonene - Dra veksler på hverandre - Samarbeid med media





Rekruttering
- Nye medlemmer må bli sett! - Tidleg og god info til nyinnflyttarar om mulighetene for frivillig arbeid. Det samme gjelder pensjonister. Som en gruppe med store ressurser - Attraktive relevante aktivitetar - Opplevelse av fellesskap, sosialt, opplevelse, kompetanse (sentralbadet venelag) - Gulrøtter.... - Kommunikasjon - Informasjon - Rekruttering av både gamle og UNGE - Prøveperiode uten forpliktelser - Synliggjere kva den ulike frivillige jobben går ut på - Gode beskrivelser av arbeidet - Store felles prosjekt - samlande - Få fram gleden ved frivilleg innsats - Hospitering - få prøve seg litt - Lokke folk over dørstokkmila - Skape lyst og glede - Få fram fordelar ved å vere frivillig - Psykisk og fysisk helse - Oppsøke nye med aktuell info - Frivilligpleie - Store moglegheiter for å skape gode medarbeidere om ein får dei med på rette måten - Relasjonsbygging
Marknadsføring / informasjon
- Bli sett og hørt - Det må vere enkelt å finne fram til de ulike organisasjonene (på nett, kunne endr.) - Lokalavisa (kulturside) må på banen. Skrive om alt det positive som skjer - Synliggjøre organisasjonene/klubbene - Informasjon om arbeidet - Opprette informasjonskanaler (hvordan og når) - Kommunen (bruke kulturkalenderen) - Eldsjelpriser er eit bra tiltak - løfter fram gode eksempel - Få fram relevans - Synliggjøring av frivillige organisasjoner - Innendørs årlig messe



- Framsnakke
- Synleggjere informasjon
- Bruke nettsida iullensvang.org
- Lavterskel inngang til frivillige organisasjoner
- Markedsføre, gjere organisasjonen kjent
- Skryte av dei som deltar på dugnad og drite i dei som ikkje er der...
- Framsnakka dugnad
- Markedsføring av tjenester fra kommunen (plakatkopiering)
- Bruke portalen til frivilligsentralen
- Synleggjering
- Det skal vera triveleg på møter. Treskoposten skal formidle dette. MUNN TIL MUNN-metoden

Kompetanseheving

- Opplæringskurs, stand
- Tilby styrekurs til frivillige lag
- Hjelpa med søknadar om tilskot
- Opplæringskurs
- Stand
- Tilby styrekurs til frivillige lag
- Hjelpa med søknadar om tilskot

Anna

- Visjon: Bokkotunet er ope til kl 21 (minst) kvar dag
- Natteravn: Delta på natteravns årsmøter osv., mer utstyr f.eks; jakker, lommelykt, klær div.
- Visjon: Det SKAL vera lett å vera frivillig i kommunen
- Tid i intervju
- Fritidsbuss inkl. sjåfør
- Haugaland kraft - gratis arr
- Inkludering - aktiviteter på aktivitetshuset på Ystanes





4.2.2. Redusere barrierar for deltaking

Økonomi
- Økonomi - fritidskort som kan nyttast fleire plassar (kultur / idrett) - Billige medlemskap - Utstyr til utlån - Fritidskasse - Økonomiske støtteordningar - Søkja bulystmidlar
Samarbeid og kommunikasjon
- Nå alle med aktuelle tilbud - spesielt flyktingar og andre tilflyttarar - Nå ut med info om aktivitet / lag - Hjelp til å finne fram i og søke tilskot - God informasjonsflyt - Få tydelig fram kva arbeidsoppåver dei ulike foreningane treng å få dekkja - Synlig på sosiale medier -> facebook - Fleire møter med dei som ofte går - Rom for "eigne" meiningar og påverknadar - Forpliktelsar - vanskeleg - Tydelige forventningar - Tettare samarbeid mellom flyktingtjenesten og frivillige lag - Våga å forlate "gamle spor" - opna for nye tankar, idear og arbeidsmåtar - Riva ned båsar - ikkje gro fast i tradisjonar, samtidig som ein må ta vare på gode tradisjonar - Våga å gå ut av komfortsona - Våga å vera personleg
Rekruttering
- Fadderordning for ny tilflytta - Ut i sosiale medier - Ut i skoler - Ut på arbeidsplasser - Ikke undervurderer personlig kontakt: (kanskje kan vi ringe opp nye for å informere opp nye for å informere - eller informere direkte på tilflytterkveld) - Bli "brukt" synliggjøre hva oranisasjonen gjør/bidrar med - "Frivillig-los" i kommunen - Person som har ansvar for å "lose" folk inn i frivillig arbeid - Person som har oversikt





- Frivilligstand en lørdag i kommunen - Samle ulike organisasjoner å rekruttere og informere - Bli sett/føler seg ivaretatt Eks. når folk blir uføre kan man få info fra NAV om hvilke mulighet man har for sosialisering alltså bli "frivillig" - Rolleforståelse - Oppfølging - Invitere til aktivitet uten å skremme vekk folk med dugnad og verv - Synliggjøre i media. Avis evt. - Korleis melda seg som frivillig? - Lite konkurranse fokus - "Gamle" medlemmer tar med "nye" - Fadderfamilie - Desentralisert - viktig å ha aktivitet i distrikta - Tilpasse aktivitet i forhold til flere grupper - Ufarliggjøre deltaking - Universel utforming slik at alle kan være med på ønskede aktiviteter - Dersom det er attraktivt kjem fleire med
Kompetanseheving
- Hjelp med digitale løysingar - Relevante kurs
Barrierar
- Tid - lite tid til fellesskap - dyrkar eigentid - Sosial kompetanse redusert - Mindre kollektive - meir individuelle - Avstander / transport - Berekraft/inkludering - premiss i arrangement (i søknaden til kommune/ma.o. tillrettelegging av transport - God offentlig transport
Anna
- Gode møtelokaler - Kantina på vgs bør kunne brukes av alle - Natteravn: Fleire foreldre, andre - Vekas lag/org. på heimesida til Ullensvang kommune



4.2.3. Møte samfunnsendringar me står ovanfor

Behov
- Psykisk helse - fleire som treng nokon å vere med, turmulighet for å skape kontakt ("kvammaven") - Bedre dialog med politiet - Gjere oss synlig for dei yngre - Bedre organisering på vakter osv. - Forum og dialog for å kunne identifisere behov (slik som i dag) - Manglar me nokre tilbod? - kartleggje - Tilrettelegge for organisert aktiviteter og møteplasser - Støtte til senioraktiviteter - Utvikle populære aktivitetar og ta bort det som har vore populært
Økonomi
- Ullensvang komm. bet.for 10 pers. som ynskjer å vera med i eit idrettslag - Fritidskasse-ordning - Fritidskortet - Økonomi - Utvide lånetilbud - Unngå byråkrati / stillingar som går på bekostning av midlar / tilskot til lag og organisasjonar - Økonomi, gode og synlige tilskotsordningar
Rekruttering
- Fokuserer på at frivillighet kan skje uten at ein må tilby eller ha materialle goder - Å vere frivillig bør være (minst) gratis! eks. sjå til bærekraftige liv Landås - Rekruttering, spesielt ungdom / unge vaksne - Treng heile aldersaspektet - men vanskeleg å nå yngre medlem i ein svært krevjande kvardag. Store krav til barnefamiljar. - Ide → kalle inn nye pensjonistar årleg - for å presentere aktuelle frivillige tilbod / oppgåver - Bulyst - små møter for nyinnflytta og lokale - Alle vil måtte bidra - Born må få oppgåver i samfunnet - Born må lære frivillig arbeid - Born får ansvar - skulelunsj - Ressursterke mennesker





- Korleis nå unge mennesker - Få dei interessert i frivillighet - Fysiske møteplassar - Kartlegge kva eks. ungdommar kan tenke seg
Barrierar
- Individualisme - lite tid saman / meg og mitt - Digitalisering - få felles arenaer - Fleirkulturelt samfunn - lite integrering / utanforskap - Fråflytting - folketallet minkar, færre ungdomar, fleire eldre, små samfunn - Auka passivitet - Individualisering - Utfordringa er - felles sms - for dyrt - Digitalisering - Ikkje nok med opplæring - Vi må og ha fora for problemløysarane - 64' er ikkje digitale
Kompetanseheving
- Digitalisert opplæring for styrar og tillitsvalgte - Opplæring i den digitale verden
Anna
- Nesten alle har ein (Nokia) - Natteravn



5.0 Konklusjon

Kartlegginga av dei frivillige organisasjonane i Ullensvang gjev eit bilde av dei utfordringane og ressursane som dei har, og er difor eit viktig og nyttig verktøy i utforminga av ein frivillig- og samspelstrategi.

Dei frivillige organisasjonane ynskjer å auke rekrutteringa i laga sine. Dei ynskjer å utvide eksisterande aktivitetar og dei ynskjer å skape fleire og nye aktivitetar til beste for innbyggjarane.

Organisasjonane er aktive og opptekne av kommunen og sine nærmiljø. Når det gjeld samarbeid er det ein god del som samarbeider med kommunen i dag, og dei verdset dette samarbeidet som veldig godt. Mange opplever og at kommunen ynskjer å samarbeide med frivillig sektor. Likevel ynskjer alle meir samarbeid med kommunen enn dei har i dag. Det er difor viktig at kommunen når breidda av organisasjonane slik at alle organisasjonstypar opplev at kommunen er ein interessert og god samarbeidspart.

Vidare peikar organisasjonane på ulike områder der dei kan samarbeide med kommunen, som eksempelvis innan integrering, fritidskasse/kort, samferdsel og nærmiljøutvikling. Det er essensielt at kommunal sektor ser på frivillig sektor som ein ressurs i ulike prosjekt og planar, og inngår dialog tidleg i arbeidet med desse.

Det kjem vidare fram at det er svært ynskjeleg med faste samarbeidsmøter mellom kommune og frivillig sektor. Form, hyppigheit og innhald på desse bør drøftas vidare saman med frivillig sektor og tas med i frivillig- og samspelstrategien. Desse møtene kan gjerne og oppnå eit anna formål som frivillig sektor ynskjer - et fora der dei kan snakke med og utveksle info og tips med kvarandre. På denne måten kan kommunen vera ein tilretteleggar for å styrke frivillig sektor i heile kommunen.

Organisasjonane har samarbeid med dei ulike områda i kommunen, og vekter kvaliteten på dette samarbeidet noko ulikt frå område til område. Det er difor ei anbefaling at dei ulike områda lærer frå kvarandre slik at kvaliteten på samarbeidet blir betre for alle partar og ein oppnår ein auka kompetanse i samarbeid med frivillig sektor. Vidare er det nyttig for organisasjonane å vita kven dei skal henvende seg til i dei ulike sakene dei ynskjer dialog om, og strategien kan seie noko om kontaktpunkt inn mot organisasjonen. Herunder krevjast og eit godt samarbeid og informasjonsutveksling mellom dei ulike områda i kommunen, slik at organisasjonane kan få raskare respons og bistand. På denne måten kan kommunen gjera utfordringane med å drive organisasjonane enklare for dei frivillige. Dei ansatte i kommunen har mykje kompetanse på mange ulike felt som kan støtte frivillig sektor i det arbeidet dei gjer og i høve til saker som frivillig sektor opplever utfordrande.

Ei gjensidig oppleving av auka kvalitet i samarbeidet er særskild viktig for at kommunen kan nytta frivillig sektor sine ressursar til beste for innbyggjarane og bidra til å styrka dei kommunale tenestene.





Andre områder kommunen og frivilligsentralane kan styrka organisasjonane og gjere det enklare å drifte desse er:

- **Kompetanseheving**

Arrangera kurs for styremedlemmer og andre kontaktpersonar i ulike tema som marknadsføring, rekruttering og styrearbeid/roller. Spre informasjon om aktuelle kurs frå andre aktørar enn kommunen.

- **Synliggjeri**

Legge til rette for arenaer der organisasjonane kan synleggjera aktivitetane sine, som til dømes tilflyttarkvelder, frivilligmesse, frivilligtorg/børs og liknande.

- **Forenkla byråkrati**

Samle inn og vidareformidle relevant informasjon til organisasjonane

- **Økonomi**

Dei tilskotsordningane kommunen har bør vera forutsigbare avtalar. Vidare har mange organisasjonar eit uutnytta potensiale innan å søka støtte hos andre aktørar enn kommunen. Kommunen og frivilligsentralane bør prioritere å vere gode samarbeidspartar for frivillig sektor når det gjeld å bistå organisasjonane i arbeid med å søkja om støtte. Herunder kurs i søknadsskriving, oversikt over søknadsmottakarar både i offentlig og privat sektor samt direkte rådgjeving i forhold til enkeltsøknadar. Vidare er det og viktig med lokal kursing og tett oppfølging når det gjeld søknader om spelemidler, både til idrettsanlegg og lokale kulturarenaer.

- **Lokaler**

Kommunale lokaler kan gjerast endå meir tilgjengelege for frivillig sektor når dei ikkje er i bruk, og kommunen syter for at desse er universelt uforma. Dei bør i utgangspunktet vera gratis.

Innspela som har kome inn frå frivillig sektor i denne kartlegginga gjev eit godt og fylldig grunnlag for å kunne utarbeide ein frivillig- og samspelstrategi i Ullensvang kommune, og syner samstundes viktigheita av å få på plass ein strategi til beste for både frivillig sektor, kommunen og ikkje minst innbyggjarane våre. Sjølv utforminga av strategien kan no setjas i gang, og er planlagt ferdigstilt i byrjinga av 2025.

